

Skjema for registrering av turar for born mellom 0-12 år

| | |
|--------------------|--|
| NAVN: | |
| ADRESSE: | |
| E-POST: | |
| TLF./MOBIL: | |
| ALDER: | |

| TURMÅL | DATO FOR BESØK (hugs at du også må skriva deg inn i boka) |
|-----------------------------------|--|
| Hjørnås - ved Røde Kors Hytta | |
| Osnes - Olav Vik området | |
| Drevåsen - lavvoen på Kyrping | |
| Kyrkjesteinen i Skånevik | |
| Rundtur på Frette - ved Hengebrua | |
| Trommedalen - ved Kårebu | |
| Vannes - ved dei store Eikene | |
| Steinfjellet | |
| Tretteteig | |
| Øvstebø | |

(turbeskrivelsar ligg på facebook-sida vår, så ta ein liten kikk her om du er usikker på kor du skal gå. Ein finn også turbeskrivelsar i appen «SjekkUT»)

Frist for innsending av skjema: 30 september 2021 (sesongen varar frå 1 oktober 2020 til 30 september 2021)

Premiering dersom du klarar minst 5 av turane.

Ferdig utfylt skjema sendes:

E-post: etne.turlag@dnt.no Hugs å merke mailen med «Barnas Turlag»

Kontaktpersonar i Barnas Turlag Etne:

Solvor Grønstad, Ingrid-Anette Pedersen Børretzen, Renata Palamarz
og Siren Grindheim

Informasjon om Barnas Turlag Etne:

<https://www.facebook.com/Barnasturlag.Etne/>



Håper vi sees!

Hilsen Turbo



Turbeskrivelser

1. **Hjørnås.** Kassen er på rekkverket til Røde Kors hytta. Kjør inn Litledalen, og opp til parkeringsplass på Hjørnås (parkeringsavgift pga bomveg). Gå opp grusveg, ta av til høgre før demning og opp til hytta. Her er det fint å gå med barnevogn, sykkel og rullestol. Ca. 1 km ein veg. God tur.
2. **Osnes.** Kassen heng på eit tre ute på holmen, ved rasteplass. Gå gjerne frå Etne sentrum ut til Olav Vik stiftelsen på Osnes (el. kjør ut til parkeringsplass). Ved stiftelsens parkeringsplass, følg grusvei ned forbi paviljong mot sjøen og vidare ut til holmen. Går ein frå sentrum ca. 6km, rundtur. Frå parkeringsplass ca. 400 m ein veg. Fint for vogn, sykkel og rullestol. God tur.
3. **Drevåsen,** lavvoen på Kyrping. Kassen heng oppe ved lavvoen. Parker på parkeringsplass nedanfor bensinstasjonen, gå gjennom undergang og følg grusvei opp til Lavvoen. Ca 1km ein veg. Denne turen går også an å gå med vogn, litt bratt. Det er lov å gå inn å ta nistepakken i lavvoen. Turen er ca 1,5 km ein veg. God tur.
4. **Kyrkjesteinen.** Kyrkjesteinen 450 moh er ein stor stein som ligg på eit platå/flate over Aksland og Hjelmervik på Skånevikstranda. Kassen heng på nedsida av steinen. Start ved Molnes, parker på motsatt side av vegen du skal gå opp (det står ein kvitmalt gammal sykkel nede ved hovedvegen, på motsatt side av der ein skal parkere). Gå på grusvei, og ta av inn på traktorveg forbi Mortveitvatnet. Følg denne traktorvegen eit stykke til opp ein bratt bakke, og ta av over ein bekk der skiltet står merka med «Kyrkjesteinen». God sti heilt til toppen. Litt bratt, men fin tur. Ca 3 km ein veg. God Tur.



5. **Rundtur på Frette.** Kassen er plassert ca. midtveis på rundturen. Ta av frå E 134 inn til Frette, kjør over brua og parker ved ungdomshuset. Her finn ein også infoskilt om rundturen. Etter parkering, gå tilbake over brua og ta første veg til høgre, ein går forbi gardane på Vinja og ved det inste bruket ligg Duesteinen til høgre. Denne har helleristingar frå slutten av steinaldaren. Ved inste bruket på Tveito forlet ein grusvegen og går på beitemark, følg skilting. Ein går opp langs elva til ein kjem til hengjebbru, gå over denne og følg vegen ned att til ungdomshuset. Ca. 1-1,5 times tur. God tur.
6. **Trommedalen ved Kårebu.** Kassen heng ved Kårebu. Trommedalen rundt er ei merka rundløype på ca. 8 km. Med ein høgdeskilnad på 250 m. Turen startar ved Gjerde Kyrkje midt i Etne sentrum. Den er skilta med piler og skilt «Trommedalen rundt», følg desse og ikkje ta av på stikkvegar. Ca. 3 km opp til Kårebu om ein går motsatt veg av merkinga. Ein kan velje å følge rundturen el. gå same veg tilbake. God tur.

7. **Vannes.** Kassen heng ved den 2 ferista. Start ved hovedvegen, følg skilt Vannesvegen, grusveg, her går det fint med vogn, sykkel og rullestol. Ca 1 km ein veg. Ved hovedvegen står det også turskilt til Søljenibba, då er ein på rett veg. Kassen heng i nærleiken av nokre store Eiketree, her er fint å ta nistepakken og løike. God tur :-)



8. **Steinfjellet.** Kassen heng på varden. Ta av frå E134 inn på Fossavegen, følg denne til det står skilt til Rus opp til høgre. Denne vegen er bomveg. Følg vegen til endes og parker her. Følg traktorvegen vidare om lag 1 km, før du skal ta til høgre og gå over ei stor myr. Nokre gule merker, små vardar og pinnar markerer stien. Etter myra er det varda sti til toppen. Etter ei stund, kjem ein inn på den gulmerka rundløypa frå Olalihytta. Følg gulmerkene til toppen. Ein del blaute partier, så gode fjellsko er å anbefala. Turen er ca 3 km ein veg. God tur :-)
9. **Tretteteig.** Kassen heng på eit tre, mellom to elver. Kjør E134 til Rullestad, og ta av mot "Flåto" rett før Rullestadvatnet. Parkering i område under brua på E134. Følg grusvegen til du går forbi den fyrste hytta på venstre side, der er stien som du skal forsette på. Stien er tydeleg og det er merka med raude røyr som heng i trea. Turen er ca 2 km ein veg. Ein kan også gå rundt heile Rullestadvatnet, for å gjera turen litt lengre. God tur :-)
10. **Øvstebø.** Kassen heng ved ei bru ca halvvegs i turløypa. Følg Strondavegen til Skånevik. Ta av frå Strondavegen ved skilt «Øvstebø». Køyr heilt til toppen og forbi løa. Her kan ein parkere ved skiltet. Turen startar her, og ein følger traktorvegen oppover. Mykje artig å sjå langs turstien, og det er mange fine rasteplassar her. Stien er bratt, men fin. Ein vel sjølv om ein vil snu ved postkassen, eller følge skilta heilt til topps. Turen er ca 2 km ein veg. God tur :-)

